

Arkivsak: 2023/596-17

Arkiv:

Saksbehandlar: Øyvind Pedersen

Dato: 06.09.2024

Saksframlegg

Saksnummer	Møtedato	Utval
PS 2024/74	24.09.2024	Formannskapet
PS 2024/73	21.10.2024	Kommunestyret

Detaljreguleringsplan for Omongjordet massetak

Vedlegg

- 1 Omongjordet Plankart 20240903
- 2 Omongjordet Planførersegner 20240903
- 3 Omongjordet Planomtale 20240903
- 4 Omongjordet ROS 20240903
- 5 Omongjordet Massebereking 20240314

Innstilling frå kommunedirektøren

Lom kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 detaljreguleringsplan for Omongjordet massetak, med planid. 34340006.

Detaljreguleringsplanen omfattar reguleringsplankart, planførersegner, planomtale, ROS-analyse og massebereking.

Saksutgreiing

Felles plankontor for Lom og Skjåk har utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan for "Omonjordet massetak" – planid. 34340006.

Planforslaget var lagt ut til offentleg høyring og ettersyn i perioden 24.04.24 – 13.06.24. Det kom inn 5 høyringsuttaler – frå NVE, Lom Fjellstyre, Direktoratet for Mineralforvaltning, Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren i Innlandet. Dei fem høyringsuttalene er referert og kommentert i kapittel 9 i planomtalen, som er vedlegg til saka.

Med bakgrunn i merknadar og tilrådingar som kom inn ved det offentlege ettersynet og høyringa er det endringar i planforslaget som her blir lagt fram til endeleg vedtak, i forhold til planforslaget som vart

sendt på høyring. Endringar av planforslaget i forhold til forslaget som var utlagt til offentleg høyring og ettersyn er omtalt kort under, og meir inngående omtalt i kapittel 10 i planomtalen.

Planarbeidet har bakgrunn i ønske om vidare drift og utviding av areal for masseuttak i tilknyting til vedlikehald av veganlegget Meadalsvegen. Planarbeidet blir utført som detaljregulering, jf. § 12-3 i plan- og bygningslova.

I samsvar med kommunestyrets vedtak av kommuneplanens arealDEL 15.12.2022 vart massetaket Omondjordet M99 vidareført som ein del av kommuneplanen. Uttaket har til no vore drive på eigedomen Graffer, GID 26/1. Slik arealet ligg i kommuneplanen inneberer det at uttaket vil kunne drivast vidare sørvestover innover inn på eigedomen Blakar, GID 35/1. Kommuneplanen stiller krav om utarbeiding av reguleringsplan for M99, og det er nedfelt i planføresegnene at det seinast innan to år etter at revisjon av kommuneplanens arealDEL er gjennomført, skal ligge føre forslag til detaljreguleringsplan for uttaksområdet for behandling i kommunen. I planvedtaket til kommunestyret er det teke inn at kommunen skal stå for arbeidet med å utarbeide detaljreguleringsplan.

I kommuneplanen er det også knytt planføresegn til område M99 om at det ikkje skal skje knusing av grus-/steinmassar i perioden 15.02. - 30.06. Det siste er knytt til at ein ikkje skal forstyrre hekking av ein freda fugleart i området i denne perioden. Dette er følgt opp i forslaget til planføresegner til detaljreguleringsplanen.

Planforslaget som her er lagt fram for sluttbehandling omfattar:

- Reguleringsplankart
- Planføresegner
- Planomtale
- ROS-analyse
- Massebereking


Dei fire første dokumenta er justerte og oppdaterte etter det offentlege ettersynet og høyringa.

Planområdet ved sluttbehandling er av same utstrekning som ved offentleg ettersyn og høyring, og omfattar om lag 30 dekar. Også reguleringsformål har same utstrekning som i høyringsforslaget, og arealfordeling er som i tabellen under.

R PAREALFORMÅL	AREAL M ²	PROSENT
1200: Råstoffutvinning	12 778	42.5
2011: Køyreveg	1 764	5.9
2019: Annan veggrunn - grøntareal	1 289	4.3
5110: Landbruksformål	14 200	47.3
Sum	30 031	100.0

Den einaste endringa som er gjort på plankartet, er at det er lagt inn faresone for skred. Denne endringa har bakgrunn i at det i 2023 kom nye aktsemeldskart for snøskred frå NVE, som visar at delar av planområdet ligg i faresone. I NVE sine tidlegare aktsemeldskart låg ikkje planområdet i fareområde for snøskred. Faresona for skred H310_1 overlappar dels faresona for flaum H320_1. Samla vil da faresonene omfatte eit areal som er 376 m² større enn i høyringsforslaget, dvs. til saman eit areal på 11 388 m² - noko som er om lag 38 % av arealet i planområdet.

Forslag til plankart ved sluttbehandling av planen går fram av kartfigur 1 under. For betre lesbarheit, viser ein til reguleringsplankartet i A3-format som er vedlegg til saka.



Kartfigur 1. Reguleringsplankart med endringar etter offentleg ettersyn og høyring.

I planføresegneiene er det gjort endringar på nokre punkt i forhold til høyringsforslaget:

- Det er i føresegneiene kap. 5.1, lagt inn føresegn knytt til faresone for skred, H310_1 (jf. endringa omtalt for plankartet over). Etter faglege råd frå NVE er føresegneiene i kap. 5.1 endra slik at det er heilt klart at oppføring av bygg ikkje er tillate i faresonene for skred (H310_1) og for flaum (H320_1). For nærmere omtale av desse endringane viser ein til kapitel 9.1 i planomtalen.
- Etter faglege råd og merknadar frå Direktoratet for mineralforvaltning, er det gjort endringar i føresegneiene kap. 4.2.1 - Område for råstoffutvinning - som er knytt til kva for tema/forhold som er rett/tenleg å regulere etter plan- og bygningslova og kva regelverk som i staden bør inngå i ein framtidig driftsplan for uttaket etter minerallova sitt regelverk. For nærmere omtale av desse endringane viser ein til kapitel 9.3 i planomtalen.
- Etter merknad frå Innlandet fylkeskommune, er det gjeve eit tillegg i føresegne kap. 5.1.2 for å ivareta vassmiljøet i bekken som går gjennom faresona for flaum H320_1. For nærmere omtale av denne endringa viser ein til kapitel 9.4 i planomtalen.

Når det gjeld verknadar av planforslaget som leggast fram for sluttbehandling, er desse omtalt i planomtalen kapittel 11. Her er planens verknadar for følgjande forhold vurderte:

- verknadar for naturmiljø og naturmangfold
- verknadar for landskap
- verknadar for kulturminne og kulturmiljø
- verknadar for jord- og skogbruk

- verknadar for geologiske og hydrologiske ressursar
- verknadar for trafikktryggleik og trafikkavvikling
- verknadar for forureining, energi og klima
- verknadar for friluftsliv og barn og unge
- verknadar for teknisk infrastruktur
- verknadar for samfunnstryggleik

Vurdering

Det er i planomtalen vurdert at planen ikkje vil medføre vesentlege negative verknadar. Gjennom planføresegnene har ein som nemnt teke omsyn til hekke- og leveområde for ein freda fugleart i området ved å setje avgrensing på dei mest støyande aktivitetane i perioden 15.02. - 30.06. Ut over det er det i sær landskapsverknaden av uttaket det er fokusert på. For å illustrere landskapsverknaden av tiltaket, er det i planomtalen vist illustrasjonar der planområdet/uttaket er plassert inn i 3D-kart frå løysinga "Norge i 3D" - og der sett frå forskjellige ståstader/i forskjellige retningar. Det er forholdsvis små mengder masse som årleg blir teke ut for vedlikehald/reparasjon av Meadalsvegen, og ein driftsplan vil venteleg ha føresetnadnar om etappevis drift av uttaket. Med etappevis drift sørvestover frå dagens uttak, vil det vere naturleg å setje i stand og tilbakeføre til landbruksformål areal i den nordaustre delen av uttaksområdet etter kvart som uttaket flytter seg sørvestover – dette for både å redusere negativ landskapsverknad og for få arealet attende til skogproduksjon. Lokalisering inntil veganlegget, saman med at uttaket ligg forholdsvis godt skjerma av terrenghformasjonar og skog, gjer at kommunedirektøren vurderer at skadeverknadane av uttaket i forhold til landskapsverknaden er liten.

For all utøving av offentleg mynde som rører naturmangfold følger det av naturmangfaldlova (nml) § 7 at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal bli lagt til grunn. Ei vurdering av dette skal gå fram av avgjerda. Ei vurderinga i forhold til prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, vart gjort i forkant av at planforslaget vart lagt ut til offentleg ettersyn og høyring. Det har ikkje kome merknadar til den vurderinga som var gjort ved høyringa, og kommunedirektøren vurderer slik at planforslaget ikkje medfører særleg negative verknadar i forhold til naturmiljø og naturmangfold og vert ståande. I forhold til naturmangfaldlova §§ 8-12 er det konkludert slik:

- Det er vurdert at kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for planarbeidet, er tilfredsstillande for å gjere vedtak i saka (nml. § 8).
- Da ein har vurdert kunnskapsgrunnlaget som godt nok, og planforslaget slik det føreligg er vurdert å ha forholdsvis små skadeverknader for naturverdiar, har ein vurdert at føre-var prinsippet er ivareteke i saka (nml. § 9).
- Det er vurdert at planforslaget vil ha liten påverknad i forhold samla belastinga for økosystemet (nml. § 10).
- Det er vurdert at det her ikkje er naudsint å vurdere krav om dekking av kostnadar ved miljøforringing (nml. § 11)
- Det er vurdert at det her ikkje er mogeleg/relevant å finne anna lokalisering eller andre tekniske løysingar for å eventuelt å kunne ivareta naturverdiar på ein betre måte (nml. § 12).

For detaljerte opplysningar om verknadar av planen og vurderingane som er gjort i forhold til prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, viser ein til planomtalen kap. 11 som er vedlegg til saka.

Kommunedirektøren vurderer planforslaget som eit godt grunnlag for vidare drift av massetaket ved Omondjordet. Det vil sikre at ein har eigna mineralske råstoff for vedlikehald og utbetringar av veganlegget Meadalsvegen i mange år framover. Kommunedirektøren vurderer at realisering av planforslaget vil innebere at masseuttaket i området kan halde fram, samstundes som drifta blir regulert innafor rammer som tek tilstrekkelege omsyn til naturverdiar, landskapsverdiar og andre verdiar i området. Forslaget samsvarar med intensjonane og krava i kommuneplanens arealdel.

Formannskapet 24.09.2024 – PS 2024/74Behandling

Det kom ingen merknader til saka.

Innstilling frå kommunedirektøren vart samråystes vedteke.

Vedtak

Lom kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 detaljreguleringsplan for Omondjordet massetak, med planid. 34340006.

Detaljreguleringsplanen omfattar reguleringsplankart, planføresegner, planomtale, ROS-analyse og massebereking.

Kommunestyret 21.10.2024 – PS 2024/73Behandling

Ragnhild Sjurgard ba kommunestyret vurdere habiliteten sin grunna at ho sit i styret.

Jamfør Forvaltningsloven § 6 a, vurderte kommunestyret Marie Svein Steinehaugen inhabil til delta i behandling av saka.

Ingen vara i behandlinga.

Det kom ingen merknader til saka.

Innstilling frå formannskapet vart samråystes vedteke.

Vedtak

Lom kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 detaljreguleringsplan for Omondjordet massetak, med planid. 34340006.

Detaljreguleringsplanen omfattar reguleringsplankart, planføresegner, planomtale, ROS-analyse og massebereking.